

Til Riksantikvaren
postmottak@ra.no

Norheimsund, 2. mai 2024

Høyringsvar «Bevaringsstrategi for kystens kulturmiljø»

Dykkar ref: 24/00686-1

Hardanger og Voss museum (HVM) avd. Hardanger fartøyvernssenter (HFS) takkar for invitasjonen til å svare på Riksantikvaren sitt framlegg til Bevaringsstrategi for kystens kulturmiljø. HFS er eitt av tre nasjonale fartøyvernssenter som arbeider med tradisjonelle handverksfag knytt til restaurering og vern av fartøy og båtar, fagopplæring, vidareutdanning, dokumentasjon, fagutvikling og forskning. HVM er som museum eigar av eitt freda fartøy, bilferja «Folgefonn I» og tre verna fartøy: Fraktefartøyet «Mathilde», fiskefartøyet «Vikingen» og lystyachten «Faun».

«Kulturmiljømeldinga» Meld. St. 16 (2019-2020) *Nye mål i kulturmiljøpolitikken. Engasjement, bærekraft og mangfold* representerer eit skifte i politikken omkring kulturminne og kulturmiljø. HFS meiner stortingsmeldinga er eit godt og viktig dokument og at framlegget til bevaringsstrategi for kystens kulturmiljø er ei god oppfølging av meldinga. HFS sluttar seg i hovudsak til dei grepa som Riksantikvaren legg fram. Vi vil komme med nokre innspel, både på eit overordna nivå og meir konkret.

Eit av dei store grepa i Kulturmiljømeldinga og den nye politikken er dreininga frå *istandsetjing* til *samhandling, medverknad og koordinert bruk av juridiske og andre verkemiddel*. Bevaringsstrategiane skal vere reiskap i dette arbeidet. Vidare legg vi til grunn forståinga av at det er regional forvaltning som no har førstelinjeansvar for kulturmiljøfeltet, og at dei har som mål å vere samfunnsutviklarar.

«Alle skal ha mulighet til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø» (Kulturmiljømeldinga s. 35). Deltaking, demokrati, frivillig innsats, medverknad, tilgjenge, formidling, handverkskompetanse, rådgivingstenester. Dette er stikkord under overskrifta «Engasjement» og seier oss at vern av kulturmiljø er noko som er avhengig av menneske som engasjerer seg på ulike måtar. Det vider ut perspektivet, frå objekt til dei som engasjerer seg i objektet, og korleis det vert nytta i ei berekraftig samfunnsutvikling.

Engasjement er ein naudsynt føresetnad for kulturmiljøvern. Ein annan er ressursar, både menneskelege og økonomiske. Sjølv om Riksantikvaren i strategien legg opp til meir samhandling, kjem ein ikkje bort frå at både menneskelege og økonomiske ressursar er viktige i morgondagens kulturmiljøvern. Vi vel å ikkje utdjupe dette i høyringssvaret, men peiker på at det må vere samsvar mellom den ønska utviklinga, og forskrifter og andre styringsdokument for forvaltinga av tilskotspostane. Når alt kjem til alt vert det som regel spørsmål om det er det eine eller det andre prosjektet som skal bli prioritert i med tilskotsmidlar.

Bevaringsstrategien legg opp til å vere eit verktøy for å prioritere tiltak. Med bakgrunn i dette vil vi gjerne kome med nokre innspel til avgrensing og deltema.

- Som eigar av den freda bilferja «Folgefonn I» frå 1938 meiner vi at ferjer og infrastruktur knytt til biltrafikk burde vore nemnt under Deltema 1 Sjøveien. No har ikkje ferjer berre med biltrafikk å gjere, innspelet vårt er ikkje meint å avgrense ferje til bilferje. Men slik det står no kan det lett bli oppfatta slik at ferjer ikkje skal bli prioritert i bevaringsstrategien.
- Eigars ressursar er avgjerande for om eit kulturmiljø vert teken i vare eller ikkje. Dette bør vere ein del av vurderinga når forvaltinga prioriterer. Vi foreslår at kulepunkt 7 under Resultatmål, Deltema 1 Sjøveien, får følgjande formulering: «Engasjement for og ressursar til å ta vare på prioriterte kulturmiljø på en berekraftig måte, er styrket».
- Namnet på deltema 2, «Naustet – der vi går i land» kan virke smalt i høve det som er meint. Her er det tale om mange typar bygningar og båtar, og her kjem heile fiskeri- og fangst-feltet inn. Vi trur det hadde vore ein fordel å vide dette ut for å skape dei rette assosiasjonane, t.d. «Sjøbruk og fiske».
- Det er eit stort fokus på vern gjennom bruk. Dette prinsippet meiner vi stort sett er godt og nødvendig. Men det kan slå uheldig ut t.d. når det gjeld naust. Mange naust vil i tråd med dette prinsippet få heilt ny bruk, t.d. fritidsbustad. Og då kan det i ytste konsekvens bli tale om forbruk av både bygning og det som vert oppbevart av båt og bruk. For visse naust og andre kulturmiljø som ikkje har potensiale for vern gjennom bruk, meier vi det bør bli aksept for eit vern som del av eit kulturlandskap. Det vil innebere ein viss skjøtsel (vedlikheald). Samfunnsverdien vil då ligge i det visuelle, i biletet av kulturlandskapet, i tillegg til andre kulturminneverdiar. Første kulepunkt under Resultatmål i deltemaet Naustet – der vi går i land meiner vi bør bli formulert slik: «Et mangfold av naust er sikret, både gjennom tradisjonell bruk, gjennom ny bærekraftig bruk og gjennom å være del av et kulturlandskap».
- Bygde sjømerke som vardar og fyr er nemnde. Men vi vil spele inn at naturlege landskapsformasjonar òg er nytta som seglingsmerke. Dei har namn som ofte

karakteriserer dei eller vitnar om den funksjonen dei har hatt som landemerke eller seglingsmerke. Dette er i tråd med Lov om kulturminner §2 «Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.» Dette meiner vi er viktig i høve Deltema 1 Sjøveien, ettersom leia fram til nyare tid nesten berre hadde slike naturskapte seglingsmerke. I dag ser vi at denne typen kulturminne er under press frå ulike typar utbygging. Under Resultatmål kulepunkt 3 meiner vi det bør stå «Sjøveiens viktigste leder og kulturmiljø er kartlagt, inkludert viktige naturlege seglingsmerke.»

Vi vil dessutan gjerne kome med nokre generelle innspel:

- Fylkeskommunane skal drive samfunnsutvikling, og den nye kulturmiljøpolitikken er retta inn mot denne oppgåva. I bevaringsstrategien er det lagt vekt på bruk, gjerne ny bruk. Målet under bevaringsprogramma var å ta vare på eit representativt utval kulturminne. No er målet å verne eit mangfald av kulturmiljø som ressursar i ei berekraftig samfunnsutvikling. Kysten er generelt under endring, presset frå utbygging er stort. I mange tilfelle vil ny bruk føre til redusert kulturminneverdi, som fram til no har vore den viktigaste premissen for forvaltning. Vi vil spele inn at kulturminneverdiar framleis må ha ein viktig plass i forvaltninga av dei kulturmiljøa som vert valde ut.
- Kva vert definert som eit kulturmiljø/kulturminne, og kva vert ikkje definert som eitt? For mange er det uklart kor grensene går, og kva «reglar» som gjeld i høve bevaring av kulturminneverdiar. Freda kulturminne og kulturmiljø har greie føringar, det same med objekt som har formelt vern etter plan- og bygningsloven. Fartøyvernet har ei liste med fartøy som har ei frivillig verneavtale, men der verneavtale vert avslutta ved eigarskifte. Kommunar kan operere med lister (gul liste), som er eit uformelt vern. I tillegg kan ein eigar av t.d. eit gammalt hus søke om og få støtte til restaurering av eldre hus eller fartøy utan noko form for formelt eller uformelt vern. Mange eigarar av eldre hus og anlegg er urolege for kva eit vern kan bety for kva dei kan gjere av endringar. Då er det viktig at regional forvaltning, Kulturminnefondet og andre sentrale aktørar kjem med korrekt informasjon i høve kva som gjeld for det enkelte tiltaket. Kulturminnefondet er omtalt som viktig for å nå mål i bevaringsstrategien. Men ettersom dei ikkje driv forvaltning, vil dei då vere underlagt føringane i strategien? Vil dei halde fram som rein tilskotsytar? Det trengs midlar, men det er meir uklart kva ein kan vente med tanke på alle dei andre måla som ligg i bevaringsstrategien.

- Eigar er omtalt under overskrifta Roller og Ansvar. Eigars ressursar er avgjerande for vellukka vern. Som museum vil vi gjerne føye til at musea har omfattande forvaltings- og eigaransvar for kulturminne og kulturmiljø, men i mange tilfelle er det avgrensa kva museum kan søke om av tilskotsmidlar. Dette er omtalt i Kulturmiljømeldinga på side 74: «For mange kommunalt og musealt eide kulturminner og kulturmiljøer finnes det begrensede tilskuddsordningar, samtidig som vedlikeholdsetterslepet er stort. I oppfølgingen av denne meldingen vil det bli tatt initiativ overfor flere av sektorene med sikte på å kartlegge behov og hvordan eksisterende tilskuddsordningar bør endres eller utformes». Vi saknar dette spørsmålet i strategien, og oppmodar til at museum får høve til å søke på relevante tilskotsordningar for denne bevaringsstrategien.
- Musea som eigar, forvaltar og kunnskapsinstitusjonar er avgjerande for mange kulturmiljø som ikkje har potensiale for «ny bruk». Oppmodinga vår er å ta med «museal bruk», dvs. forvaltning, forskning og formidling (ofte i samband med reiseliv) med i vurderingane på same måte som frivillige osv.
- Slik vi les stortingsmelding og bevaringsstrategi skal «ny bruk» òg vere berekraftig. Det er viktig at berekraftig-elementet vert nemnd i fleire resultatmål, og etter kvart får eit sett med indikatorar, slik Kulturmiljømeldinga seier på side 8 i kap. 2.2.1 *Utvikling av indikatorar og styringsdata*. Dette vil bidra til at berekraft-omgrepet vert nytta på ein måte som er i tråd med den overordna politikken. I «Overordnet bevaringsstrategi» er det formulert slik: «I de tematiske bevaringsstrategiene skal det utformes resultatmål om miljømessig, sosial og økonomisk bærekraft (...)». I denne bevaringsstrategien er det nemnd i samband med reiseliv (besøksforvaltning). Vi oppmodar til å sjå nærare på om dei ulike sidene ved mål om berekraftig utvikling kan bli innarbeidd i resultatmåla. Vi vil særleg spele inn bruk og vidareføring av tradisjonshandverk som ein viktig indikator for berekraft.
- I lys av berekraftig utvikling er kulturmiljøvern halde fram som ein del av løysinga gjennom m.a. tradisjonshandverk og lokalproduserte material. I «Overordnet bevaringsstrategi» (s. 5) står det at bevaringsstrategiene bør vise korleis denne kompetansen kan bli brukt i det grøne skiftet.
- HVM/HFS er einig i at dei nasjonale fartøyvernsentra spelar viktige roller i bevaringsstrategien, og set pris på at fartøyvern generelt har fått ein viktig plass. Dersom ein i denne strategien skal prøve å forbetre ting som ikkje har fungert under bevaringsprogrammene, kan ein peike på at finansieringa av fartøyvernsentra har vore utrygg og uføreseieleg. Dette er nemnd i Riksantikvaren si evaluering av bevaringsprogramma: «Det har i hele planperioden vært uklarheter knyttet til finansiering av fartøyvernsentrenes virksomhet.» På side 11 er fartøyvernsentra omtalt som «statstøttede», og dette

er enno ikkje tilfelle. Men vi håpar dette peiker fram mot ein meir føreseieleg finansiering av samfunnsoppdraget, som vil vere avgjerande for bevaring av kystens kulturmiljø.

- Samanhengen mellom den materielle og den immaterielle kulturen kunne vore tydelegare i dokumentet.
- Er engasjement eit middel for å ta vare på dei fysiske miljøa, eller kan ein sjå engasjement som mål i seg sjølv? I dokumentet meiner vi det skin gjennom fleire stader at det er dei fysiske miljøa som er hovudsaken. Vi oppfattar det slik at både Kulturmiljømeldinga og fylkeskommunane i større grad legg til grunn ei kulturpolitisk grunngjeving for vern, t.d. gjennom verdiar som mangfald og demokrati. Då vert ikkje engasjement og frivillig innsats avgrensa til middel til for å verne det fysiske kulturmiljøet. Det stemmer med mange sitt engasjement: arbeidet med kulturminnet er like viktig som kulturminnet. Ein kan ikkje skilje dei to elementa frå kvarandre.

HVM og HFS ser fram til vidare samarbeid om bevaring av kystens kulturmiljø. Dersom noko er uklart eller treng utdjuping i dette høyringssvaret stiller vi oss til disposisjon for vidare dialog.

Med beste helsing

Åsmund Kristiansen

Direktør